



Hemsedal kommune  
Natur, kultur og livskvalitet

2022



TERTIALRAPPORT

1. tertial 2022

# Tertialrapport 1. tertial 2022 for Hemsedal kommune

## INNHALD

|                                                   |           |
|---------------------------------------------------|-----------|
| <b>1. INNLEIING .....</b>                         | <b>2</b>  |
| 1.1. ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT .....               | 2         |
| 1.2. AVVIK FRÅ BUDSJETT.....                      | 4         |
| <b>1. INNTEKTER .....</b>                         | <b>4</b>  |
| 1.1. RAMMETILSKOT OG SKATT .....                  | 5         |
| 1.2. EIGEDOMSSKATT.....                           | 5         |
| 1.3. ANDRE OVERFØRINGAR OG TILSKOT .....          | 5         |
| 1.4. BRUKARBETALINGAR.....                        | 5         |
| 1.5. SALS- OG LEIGEINNTEKTER .....                | 5         |
| <b>2. KOSTNADER .....</b>                         | <b>5</b>  |
| 2.1. LØN OG PERSONALE .....                       | 6         |
| 2.2. FRÅVÆR .....                                 | 6         |
| 2.3. ANDRE KOSTNADER .....                        | 7         |
| <b>3. EININGANE .....</b>                         | <b>7</b>  |
| 3.1. KOMMUNEDIREKTØR MED STAB .....               | 7         |
| 3.2. OPPVEKST .....                               | 8         |
| 3.3. HELSE OG OMSORG: .....                       | 8         |
| 4.5 TEKNISK.....                                  | 9         |
| <b>4. FINANS.....</b>                             | <b>10</b> |
| <b>5. INVESTERINGAR .....</b>                     | <b>10</b> |
| <b>6. KOMMUNEDIREKTØREN SIN OPPSUMMERING.....</b> | <b>12</b> |
| <b>7. ØKONOMISKE UTSIKTER .....</b>               | <b>12</b> |

## 1. Innleiing

Hemsedal kommune leverar et netto driftsresultat på 7,5 mill. pr. 1. tertial. Det er 7,8 mill. høgare enn budsjett.

Dei økonomiske resultata er så langt i år prega av høge lønskostnadar og fleire overføringar til andre. Ei solid auke i inntekt frå sal av kraft bidreg til eit styrka netto driftsresultat.

### 1.1. Økonomisk oversikt drift


|                                 | Rekneskap    | Budsjett      |             | I fjor        | Budsjett      |
|---------------------------------|--------------|---------------|-------------|---------------|---------------|
| NOK 1 mill.                     | 1.tertial    | 1.tertial     | Avvik i kr  | 1.tertial     | 2022          |
| Rammetilskot                    | 34,5         | 32,6          | 1,9         | 33,3          | 77,5          |
| Inntekts- og formuesskatt       | 31,8         | 32,3          | -0,5        | 33,3          | 103,6         |
| Eigedomsskatt                   | 16,1         | 16,7          | -0,6        | 16,9          | 33,4          |
| Andre skatteinntekter           | 0,3          | 1,4           | -1,0        | 0,0           | 7,5           |
| Overføringar/tilskot frå staten | 3,8          | 2,6           | 1,2         | 0,9           | 7,9           |
| Overføringar/tilskot frå andre  | 14,5         | 13,2          | 1,3         | 23,0          | 39,9          |
| Brukerbetalingar                | 4,2          | 4,4           | -0,2        | 3,9           | 10,8          |
| Sals- og leigeinntekter         | 31,7         | 18,9          | 12,9        | 20,9          | 52,2          |
| <b>Sum driftsinntekter</b>      | <b>137,0</b> | <b>122,0</b>  | <b>15,0</b> | <b>132,2</b>  | <b>332,8</b>  |
| Lønsutgifter                    | 61,2         | 57,4          | 3,7         | 52,6          | 161,4         |
| Sosiale utgifter                | 13,5         | 13,8          | -0,3        | 11,4          | 41,3          |
| Kjøp av varer og tenester       | 37,1         | 39,9          | -2,8        | 31,7          | 104,2         |
| Overføringar/tilskot til andre  | 12,6         | 5,6           | 7,0         | 7,1           | 17,6          |
| Avskrivningar                   | 0,0          | 0,0           | 0,0         | 0,0           | 18,1          |
| <b>Sum driftsutgifter</b>       | <b>124,3</b> | <b>116,7</b>  | <b>7,6</b>  | <b>102,8</b>  | <b>342,5</b>  |
| <b>Brutto driftsresultat</b>    | <b>12,6</b>  | <b>5,3</b>    | <b>7,3</b>  | <b>29,4</b>   | <b>-9,7</b>   |
| Renteinntekter                  | -0,0         | 0,1           | -0,1        | 0,0           | 1,3           |
| Utbyte                          | 0,3          | 0,1           | 0,2         | 0,0           | 0,2           |
| Renteutgifter                   | 1,4          | 1,8           | -0,4        | 0,4           | 5,3           |
| Avdrag på lån                   | 4,0          | 4,0           | 0,0         | 3,1           | 12,1          |
| <b>Netto finans</b>             | <b>-5,2</b>  | <b>-5,7</b>   | <b>0,5</b>  | <b>-3,4</b>   | <b>-15,9</b>  |
| Motpost avskrivningar           | 0,0          | 0,0           | 0,0         | 0,0           | 18,1          |
| <b>Netto driftsresultat</b>     | <b>7,5</b>   | <b>-0,4</b>   | <b>7,8</b>  | <b>25,9</b>   | <b>-7,5</b>   |
| <i>Driftsmargin</i>             | <i>5,4 %</i> | <i>-0,3 %</i> |             | <i>19,6 %</i> | <i>-2,3 %</i> |

|                                                             | Rekneskap<br>1. tertial | Budsjett<br>1. tertial | Rekneskap<br>i fjor | Budsjett<br>2022   |
|-------------------------------------------------------------|-------------------------|------------------------|---------------------|--------------------|
| <b>Bevilgningsoversikt - drift</b>                          |                         |                        |                     |                    |
| Rammetilskudd                                               | 34 486 076              | 32 555 460             | 33 294 660          | 77 513 000         |
| Inntekts- og formueskatt                                    | 31 834 638              | 32 323 512             | 33 297 624          | 103 601 000        |
| Eiendomsskatt                                               | 16 067 713              | 16 705 260             | 16 865 695          | 33 410 521         |
| Andre generelle driftsinntekter                             | 4 161 912               | 4 004 328              | 876 525             | 15 374 603         |
| Sum generelle driftsinntekter                               | 86 550 339              | 85 588 560             | 84 334 503          | 229 899 124        |
| <b>Sum bevilgninger drift, netto</b>                        | <b>73 916 374</b>       | <b>80 273 004</b>      | <b>54 962 372</b>   | <b>221 515 785</b> |
| Avskrivninger                                               | 0                       | 0                      | 0                   | 18 080 000         |
| Sum netto driftsutgifter                                    | 73 916 374              | 80 273 004             | 54 962 372          | 239 595 785        |
| <b>Brutto driftsresultat</b>                                | <b>12 633 965</b>       | <b>5 315 556</b>       | <b>29 372 132 -</b> | <b>9 696 661</b>   |
| Renteinntekter                                              | -41 204                 | 74 996                 | 28 166              | 1 325 000          |
| Utbytter                                                    | 292 000                 | 66 664                 | 0                   | 200 000            |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler                | 0                       | 0                      | 0                   | -                  |
| Renteutgifter                                               | 1 388 198               | 1 780 796              | 408 562             | 5 342 400          |
| Avdrag på lån                                               | 4 045 888               | 4 027 056              | 3 057 858           | 12 081 170         |
| Netto finansutgifter                                        | -5 183 290              | -5 666 192             | -3 438 253 -        | 15 898 570         |
| Motpost avskrivninger                                       | 0                       | 0                      | 0                   | 18 080 000         |
| <b>Netto driftsresultat</b>                                 | <b>7 450 675</b>        | <b>-350 636</b>        | <b>25 933 878 -</b> | <b>7 515 231</b>   |
| <u>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</u>    |                         |                        |                     |                    |
| Overføring til investering                                  | 0                       | 0                      | 0                   | -                  |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond       | 0                       | 0                      | -25 000             | 5 542 149          |
| <b>Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond</b> | <b>0</b>                | <b>0</b>               | <b>0</b>            | <b>1 973 082</b>   |
| Dekning av tidligere års merforbruk                         | 0                       | 0                      | 0                   | -                  |
| Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat     | 0                       | 0                      | -25 000             | 7 515 231          |

## 1.2. Avvik frå budsjett


### Frå budsjett til rekneskap 1. tertial 2022

Netto driftsresultat (1 mill.)



## 1. Inntekter

Pr 1. tertial er samla driftsinntekter på 137,0 mill. Det er 15,0 mill. høgare enn budsjett. Det positive avviket skuldast i all hovudsak inntekt frå sal av kraft som er 12,7 mill. høgare enn budsjett i perioden.



## **1.1. Rammetilskot og skatt**

Rammetilskot og skatt er på til saman 66,3 mill. pr.1. tertial . Det er 1,4 mill. over budsjett

Rammetilskotet er 1,9 mill. over budsjett og 1,2 mill. høgare ebb året før. Hemsedal kommune har så langt i år motteke ekstraordinære rammetilskot på til saman 0,5 mill. knyta til virusutbrotet og høge straumprisar.

Pr 1. tertial er skatteinngangen samla på 32,2 mill. Det er 1,5 mill. (-4,5 %) lågare enn budsjett og 1,1 mill. (-3,4 %) lågare enn året før. Medan skatt frå personlege skatteytarar (forskotstrekk frå arbeidsgjevar, forskotsskatt og restskatt) er 3 mill. (+10,5 %) høgare enn året før, er naturressursskatten 4,2 mill. lågare enn året før så langt i år. Det er venta å rette seg når avrekning for kraftselskapa er gjennomført i november.

Skatt pr. innbyggjar er på 110,6 % av landsgjennomsnittet pr. 1. tertial, mot 127,7 % på same tid i fjor. Det gjer ei inntektsutjamning som kjem til reduksjon på rammetilskotet på til saman 2,2 mill. så langt i år, mot 4,3 mill. året før.

## **1.2. Eigedomsskatt**

Inntekter frå eigedomsskatt er 0,6 mill. lågare enn budsjett pr 1. tertial. Skatt på bustad og fritidsbustad er på budsjett, medan skatt frå næring og kraft er lågare som følgje av mellom anna medhald i klagesakar.

## **1.3. Andre overføringar og tilskot**

Andre overføringar og tilskot er 2,5 mill. høgare enn budsjett pr. 1. tertial. Det skuldast i all hovudsak auke i sjuklønsrefusjonar.

## **1.4. Brukarbetalingar**


Brukarbetalingar er på 4,2 mill. pr. 1. tertial. Det er 0,2 lågare enn budsjett.

## **1.5. Sals- og leigeinntekter**

Sals- og leigeinntekter er på 31,7 mill. pr. 1. tertial. Det er 12,9 mill. høgare enn budsjett som skuldast i all hovudsak auka inntekter frå sal av kraft.


## **2. Kostnader**

Pr 1. tertial er samla driftskostnadane på 124,3 mill. Det er 7,6 mill. høgare enn budsjett. Avviket kjem i all hovudsak som følgje av overføringar til næringslivet, koronarelaterte tilskot, som dekkast delvis frå nye overføringar frå staten og delvis frå bundne fond ved årets slutt. I tillegg er det et samla meirforbruk på løn og sosial kostnader på 3,4 mill., men korrigert for lønsrefusjonar er det reelle meirforbruket på 1,1 mill.



## 2.1. Løn og personale

Korrigert sjukeløns- og svangerskapsrefusjonar er løn- og sosial kostnadar på 71,7 mill. pr. 1. tertial. Det er 1,1 mill. høgare enn budsjett. Fastløn er 7,2 lågare enn budsjett som følgje av sjukefråvær og vakansar. Det er krevjande å handtere på fleire områder, og bruk av overtid og ekstrahjelp er høg. Variabel løn er difor 11,0 mill. høgare enn budsjett pr. 1. tertial.




## 2.2. Fråvær

Gjennomsnittleg fråvær er på heile 9,4 % pr. 1. tertial, mot 7,7 % i same periode året før.

Oppvekstsektoren hadde spesielt mykje fråvær relatert til Covid-19 i 1. kvartal 2022. Grunna virusutbrotet og arbeidsoppgåver som har blitt nedprioritert i denne perioden er det framleis eit stort press på mange verksemder. Dette samstundes med at samfunnet opnast igjen, er truleg årsaka til at sjukefråværet no er høgare enn i fjor.

## SYKEFRAVÆRSSTATISTIKK - HEMSEDAL KOMMUNE - ÅRET 2022

Gj. snitt pr. 31.3.2022 = 10,2 %  
Gj. snitt pr. 30.4.2022 = 9,4 %



### 2.3. Andre kostnader

Medan kjøp av varer og tenester er 2,8 mill. lågare enn budsjett pr. 1 tertial som følgje av periodiseringar, er overføringar til andre (utbetaling av tilskot) 7 mill. høgare enn budsjett. Overføringane er koronarelaterte tilskot til næringa, og vil bli finansiert ved motteke midlar frå staten og bruk av fond ved årets slutt.

## 3. Einingane

Samla bevillingar over drift er på 73,9 mill. pr. 1. tertial. Det er 6,4 mill. lågare enn budsjett. Korrigert for kraftrelaterte inntekter og kostnader er bevillingar til einingane 6,3 mill. høgare enn budsjett.

### 3.1. Kommunedirektør med stab

Kommunedirektør med stab har eit meirforbruk på 0,8 mill. pr. 1. tertial. Det er eit mindreforbruk på løn på 0,4 mill. som følgje av fråvær og vakansar. Kultursjef slutta i mars. Meirforbruk på kjøp av tenester skuldast i all hovudsak periodisering av IKT-kostnader og skal være på budsjett i ved årets slutt.



|                                                 | Rekneskap         | Budsjett 1.       |                   |                | Budsjett          |
|-------------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|----------------|-------------------|
| Kommunedirektør med stab                        | 1. tertial        | tertial           | I fjor            | Avvik i kr     | 2022              |
| LØNN OG SOSIALE KOSTNADER                       | 6 915 920         | 7 342 184         | 5 541 894         | -426 264       | 21 188 000        |
| KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM       | 2 014 851         | 2 033 256         | 1 516 287         | -18 405        | 6 100 500         |
| KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL        | 3 916 682         | 3 081 845         | 3 057 257         | 834 837        | 8 679 651         |
| OVERFØRINGSUTGIFTER                             | 1 162 455         | 1 373 818         | 479 658           | -211 363       | 3 992 930         |
| SALGSINNTEKTER                                  | -41 862           | -311 320          | -27 208           | 269 458        | -1 234 000        |
| REFUSJONER                                      | -352 122          | -691 300          | -331 573          | 339 178        | -2 074 000        |
| <b>Sum bevillingar Kommunedirektør med stab</b> | <b>13 615 925</b> | <b>12 828 483</b> | <b>10 236 315</b> | <b>787 442</b> | <b>36 653 081</b> |

Bevillingar til ansvarsområdet **Frie inntekter, kraft og finans** er knyta til sal av kraft. Mindreforbruk på 12,6 mill. pr. 1. tertial kjem som følgje av høge inntekter frå sal av kraft grunna vedvarande høge straumprisar på lange kontraktar.

|                                                 | Rekneskap          | Budsjett 1.       |                   |                    | Budsjett           |
|-------------------------------------------------|--------------------|-------------------|-------------------|--------------------|--------------------|
| Frie inntekter, kraft og finans                 | 1. tertial         | tertial           | I fjor            | Avvik i kr         | 2022               |
| LØNN OG SOSIALE KOSTNADER                       | 0                  | 0                 | 234               | 0                  | 0                  |
| KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM       | 81 435             | 31 664            | 0                 | 49 771             | 95 000             |
| KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL        | 75 000             | 0                 | 75 000            | 75 000             | 0                  |
| OVERFØRINGSUTGIFTER                             | 50 482             | 0                 | 18 750            | 50 482             | 900 000            |
| SALGSINNTEKTER                                  | -15 736 179        | -3 000 000        | -3 715 609        | -12 736 179        | -12 000 000        |
| REFUSJONER                                      | -34 232            | 0                 | -18 750           | -34 232            | 0                  |
| <b>Sum bevillingar Frie inntekter og finans</b> | <b>-15 563 494</b> | <b>-2 968 336</b> | <b>-3 640 375</b> | <b>-12 595 158</b> | <b>-11 005 000</b> |

### 3.2. Oppvekst

Oppvekst har eit meirforbruk på 1,7 mill. pr. 1. tertial. Avviket skuldast i all hovudsak auke i lønskostnadar som følgje av fråvær og vakansar. Tilskot for vidareutdanning 0,3 mill. og refusjonsinntekter for fosterheimsplasserte barn vil demme opp for mykje av meirforbruket ved utbetaling i 3. tertial.

|                                           | Rekneskap         | Budsjett 1.       |                   |                  | Budsjett          |
|-------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Oppvekst                                  | 1. tertial        | tertial           | I fjor            | Avvik i kr       | 2022              |
| LØNN OG SOSIALE KOSTNADER                 | 28 553 840        | 26 485 329        | 25 170 904        | 2 068 511        | 75 122 103        |
| KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM | 2 529 538         | 2 415 535         | 3 515 507         | 114 003          | 6 480 747         |
| KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL  | 823 436           | 75 452            | 879 694           | 747 984          | 1 865 229         |
| OVERFØRINGSUTGIFTER                       | 259 342           | 149 968           | 3 723 942         | 109 374          | 449 976           |
| SALGSINNTEKTER                            | -2 860 147        | -3 112 772        | -2 642 669        | 252 625          | -6 772 415        |
| REFUSJONER                                | -3 574 147        | -1 937 568        | -4 813 380        | -1 636 579       | -5 812 844        |
| <b>Sum bevillingar Oppvekst</b>           | <b>25 731 862</b> | <b>24 075 944</b> | <b>25 833 998</b> | <b>1 655 918</b> | <b>71 332 796</b> |

### 3.3. Helse og omsorg:

Helse og omsorg har eit samla mindreforbruk på 0,3 mill. pr. 1. tertial. Det er eit meirforbruk på løn og sosial kostnadar på 2,4 mill. som følgje av variabel løn og overtid knyt til smittesporing i januar og februar, fråvær og

vakansar. Korrigert for lønsrefusjonar er avviket på 1,2 mill. Det er mangel på arbeidskraft, slik at meirforbruket er venta å halde fram.

Mindreforbruk på 2,7 mill. frå kjøp av varer og tenester skuldast i all hovudsak periodisering. Kostnader til kjøp av barnevernstenester er varsla å bli om lag 1,4 mill. høgare enn budsjett for året, og vil difor vere gjenstand for budsjettendring.

|                                           | Rekneskap Budsjett 1. |                   |                   | Budsjett        |                   |
|-------------------------------------------|-----------------------|-------------------|-------------------|-----------------|-------------------|
|                                           | 1. tertial            | tertia            | I fjor            | Avvik i kr      | 2022              |
| <b>Helse og omsorg</b>                    |                       |                   |                   |                 |                   |
| LØNN OG SOSIALE KOSTNADER                 | 29 997 093            | 27 632 219        | 24 454 143        | 2 364 874       | 78 369 603        |
| KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM | 3 108 882             | 1 898 768         | 2 368 446         | 1 210 114       | 5 697 000         |
| KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL  | 8 676 339             | 12 629 798        | 6 888 070         | -3 953 459      | 29 363 003        |
| OVERFØRINGSUTGIFTER                       | 678 265               | 472 552           | 397 581           | 205 713         | 1 417 780         |
| SALGSINNTÆKTER                            | -1 520 506            | -1 637 652        | -1 761 193        | 117 146         | -4 913 000        |
| REFUSJONER                                | -8 681 752            | -8 463 256        | -7 787 829        | -218 496        | -25 793 446       |
| OVERFØRINGSINNTÆKTER                      | -55 600               | -3 332            | -7 050            | -52 268         | -10 000           |
| <b>Sum bevillingar Helse og omsorg</b>    | <b>32 202 721</b>     | <b>32 529 097</b> | <b>24 552 168</b> | <b>-326 376</b> | <b>84 130 940</b> |

## 4.5 Teknisk

Teknisk etat har eit meirforbruk på 4,1 mill. som følgje av høge overføringsutgifter. Dette skuldast utbetaling av tilskot til næringa, som vil bli dekkja gjennom tilskot og bruk av fond ved årets slutt.

|                                           | Rekneskap Budsjett 1. |                   |                   | Budsjett         |                   |
|-------------------------------------------|-----------------------|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
|                                           | 1. tertial            | tertia            | I fjor            | Avvik i kr       | 2022              |
| <b>Teknisk</b>                            |                       |                   |                   |                  |                   |
| LØNN OG SOSIALE KOSTNADER                 | 9 061 466             | 9 593 642         | 8 777 355         | -532 176         | 27 589 700        |
| KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM | 9 230 552             | 8 873 404         | 6 838 649         | 357 148          | 26 621 500        |
| KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL  | 8 220 100             | 8 979 255         | 6 636 945         | -759 155         | 19 680 864        |
| OVERFØRINGSUTGIFTER                       | 8 975 507             | 3 613 440         | 2 443 176         | 5 362 067        | 10 840 500        |
| SALGSINNTÆKTER                            | -15 750 784           | -15 186 641       | -16 681 765       | -564 143         | -38 132 596       |
| REFUSJONER                                | -1 807 481            | -2 055 952        | -10 034 093       | 248 471          | -6 168 000        |
| OVERFØRINGSINNTÆKTER                      | 0                     | -9 332            | 0                 | 9 332            | -28 000           |
| <b>Sum bevillingar Teknisk</b>            | <b>17 929 360</b>     | <b>13 807 816</b> | <b>-2 019 734</b> | <b>4 121 544</b> | <b>40 403 968</b> |

Grunna vakanse i stillingar, og etterverknadar av Corona er ein framleis på etterslep når det gjeld behandling av private planforslag, samt gjennomføring av større planprosessar slik som arbeid med kommunedelplan Friluftsliv, Idrett og fysisk aktivitet, rullering av arealdelen og arbeid med bustadplan. Handtering av store investeringar og løpande driftsoppgåvar er krevjande. Det er utfordrande å rekruttere kompetanse til vakante stillingar, men også få inn anbod på relevante oppgåver.

## 4. Finans

Pr. 1. tertial er netto finansutgifter på 5,2 mill. Det er 0,5 mill. lågare enn budsjett. Renter og avdrag er på budsjett. Kommunen har i perioden mottatt et utbytte frå Strupa-Gravset Hyttfelt AS på 0,3 mill.

## 5. Investeringar

Hemsedal kommune jobbar med fleire store investeringsprosjekt for å møte auke i folketalet. Arbeide med å sikre framdrift og kontroll er ressurskrevjande, og vil prega administrasjonen sine prioriteringar dei neste åra.

|                                                              | Regnskap<br>1. tertial | Budsjett<br>2022   | Regnskap<br>i fjor |
|--------------------------------------------------------------|------------------------|--------------------|--------------------|
| <b>Bevilgningsoversikt - investering</b>                     |                        |                    |                    |
| Investeringer i varige driftsmidler                          | 36 229 335             | 230 028 750        | 16 259 981         |
| Tilskudd til andres investeringer                            | 500 000                | 500 000            | 0                  |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper                | 0                      | 502 756            | 34 000             |
| Utlån av egne midler                                         | 0                      | 3 353 500          | 3 000 000          |
| Avdrag på lån                                                | 0                      | 0                  | 0                  |
| <b>Sum investeringsutgifter</b>                              | <b>36 729 335</b>      | <b>234 385 006</b> | <b>19 293 981</b>  |
| Kompensasjon for merverdiavgift                              | 6 483 720              | 29 669 750         | 2 911 347          |
| Tilskudd fra andre                                           | 0                      | 13 308 000         | 0                  |
| Salg av varige driftsmidler                                  | 869 565                | 9 875 000          | 2 838 049          |
| Salg av finansielle anleggsmidler                            | 0                      | 0                  | 0                  |
| Utdeling fra selskaper                                       | 0                      | 0                  | 0                  |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler                      | 0                      | 0                  | 0                  |
| Bruk av lån                                                  | 0                      | 182 214 848        | 0                  |
| <b>Sum investeringsinntekter</b>                             | <b>7 353 285</b>       | <b>235 067 598</b> | <b>5 749 396</b>   |
| Videreutlån                                                  | 83 533                 | 4 000 000          | 0                  |
| Bruk av lån til videreutlån                                  | 0                      | 4 000 000          | 0                  |
| Avdrag på lån til videreutlån                                | 311 557                | 650 000            | 1 407 518          |
| Mottatte avdrag på videreutlån                               | 1 200                  | 650 000            | 1 200              |
| <b>Netto utgifter videreutlån</b>                            | <b>393 890</b>         | <b>0</b>           | <b>1 406 318</b>   |
| Overføring fra drift                                         | 0                      | 0                  | 0                  |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond  | 0                      | 0                  | 1 073 359          |
| Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond | 0                      | -682 592           | 0                  |
| Dekning av tidligere års udekket beløp                       | 0                      | 0                  | 0                  |
| <b>Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>         | <b>0</b>               | <b>-682 592</b>    | <b>1 073 359</b>   |
| Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)           | 0                      | 0                  | 0                  |

Investeringar i varige driftsmidlar er budsjettert til 230,0 mill. (200,4 mill. eks. mva) i 2022. Så langt i år er 36,2 mill. (29,7 mill. eks. mva) nytta.

Investeringane følger i all hovudsak framdriftsplan, med unntak av Krikken vassverk som vil skyvast ut til 2023. Arbeidet med grunnkj p er ogs  noko p  etterskot grunna forhandlingar, og problem med   f  innhenta realistiske taktsunderlag. Det er difor framleis noko uvisse knytt til endelege grunnkj psinvesteringar.

|                                                |                                                            | Regnskap 1.       | Budsjett           |                     |
|------------------------------------------------|------------------------------------------------------------|-------------------|--------------------|---------------------|
|                                                |                                                            | tertial           | 2022               | Avvik kr            |
| 000                                            |  konomiplan                                                | 0                 | 550 000            | -550 000            |
| 005                                            | Investering bygg jfr plan for vedlikehald/invest           | 0                 | 3 000 000          | -3 000 000          |
| 007                                            | Veglys                                                     | 0                 | 500 000            | -500 000            |
| 008                                            | Sentralskule med trafikkareal                              | 13 407 272        | 98 750 000         | -85 342 728         |
| 010                                            | Krikken ny drikkevasskilde                                 | 1 479 385         | 55 250 000         | -53 770 615         |
| 012                                            | Kj p av IT-utstyr til skolen                               | 290 853           | 250 000            | 40 853              |
| 013                                            | Gerica                                                     | 0                 | 255 000            | -255 000            |
| 017                                            | Oppgradeing gml lensmannskontor i Tr imshallen             | 0                 | 125 000            | -125 000            |
| 022                                            | Etablering fleire kontor/oppgradering kommunehuset         | 244 009           | 625 000            | -380 991            |
| 029                                            | Oppgradering Gamle Br tenjordet                            | 196 265           | 1 250 000          | -1 053 735          |
| 033                                            | Kj p av biler                                              | 0                 | 3 562 500          | -3 562 500          |
| 034                                            | Aktivitetsomr de sentralskulen                             | 2 918 915         | 14 598 750         | -11 679 835         |
| 053                                            | Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg                      | 0                 | 1 200 000          | -1 200 000          |
| 055                                            | Rehabilitering ledningsnett m.m.                           | 0                 | 600 000            | -600 000            |
| 056                                            | Utviding av returpunkt                                     | 67 824            | 1 700 000          | -1 632 176          |
| 057                                            | Velferdsteknologi - helse og omsorg                        | 0                 | 250 000            | -250 000            |
| 065                                            | Omsorgsbustader for eldre ved Bygdaheimen                  | 0                 | 125 000            | -125 000            |
| 100                                            | Bru Bru yne - K-sak 50/2019                                | 199 688           | 0                  | 199 688             |
| 108                                            | H gdebasseng Holdebakken                                   | 1 752 681         | 4 525 000          | -2 772 319          |
| 113                                            | Grunnkj p skole                                            | 502 425           | 0                  | 502 425             |
| 118                                            | VA-ledning Holdebakken-Tuv                                 | 531 944           | 10 250 000         | -9 718 056          |
| 123                                            | HIAS-avtale - innskudd - finansiering infrastrukturinvest. | 0                 | 300 000            | -300 000            |
| 150                                            | Veg og VA, Haugsvegen, Tunsv. og Tr imsvegen               | 0                 | 1 000 000          | -1 000 000          |
| 157                                            | Omsorgsbustader - nye Br tenjordet                         | 14 449 438        | 24 625 000         | -10 175 562         |
| 162                                            | GS-veg langs Torsetvegen                                   | 0                 | 0                  | 0                   |
| 176                                            | Fleirbrukshall                                             | 0                 | 500 000            | -500 000            |
| 217                                            | Grasklyppar                                                | 152 028           | 0                  | 152 028             |
| 220                                            | R ntgenutstyr/pasientsignal - legesenteret                 | 0                 | 750 000            | -750 000            |
| 232                                            | Ombygging bibliotek                                        | 0                 | 187 500            | -187 500            |
| 250                                            | Golf Alpin                                                 | 1 359             | 0                  | 1 359               |
| 251                                            | Grunnkj p HIAS,  ya, Krikken, Gravset m.m.                 | 35 250            | 5 000 000          | -4 964 750          |
| 368                                            | Analyse av barnehage- og skolestrukturen                   | 0                 | 300 000            | -300 000            |
| <b>Sum investeringer i varige driftsmidler</b> |                                                            | <b>36 229 335</b> | <b>230 028 750</b> | <b>-193 799 415</b> |

Salg av varige driftsmidler er budsjettert med 9,8 mill. Pr. 1. tertial er det solgt tomter for 0,9 mill.

|                                        |                        | Regnskap 1.     | Budsjett          |                  |
|----------------------------------------|------------------------|-----------------|-------------------|------------------|
|                                        |                        | tertial         | 2022              | Avvik kr         |
| 042                                    | Salg av tomter         | 0               | -3 040 000        | 3 040 000        |
| 179                                    | B st  - Strupa/Gravset | -869 565        | -4 500 000        | 3 630 435        |
| 250                                    | Golf Alpin             | 0               | -2 335 000        | 2 335 000        |
| <b>Sum salg av varige driftsmidler</b> |                        | <b>-869 565</b> | <b>-9 875 000</b> | <b>9 005 435</b> |

## 6. Kommunedirektøren sin oppsummering

Vi har no lagt bak oss ei lang periode med handtering av koronapandemien, og tertialrapporten indikerer høg aktivitet i store delar av kommunen. Det har vore eit stort press på kommunen sine tilsette og det er etterslep på ei rekkje utsette oppgåver som no skal takast igjen. Det har vore høgt sjukefråvær i hele perioden, i hovudsak knytta til pandemien. Sidan medio februar har det blitt arbeidet med nedskalering av koronarelaterte oppgåver samt å behalde beredskap knytt til pandemien. Parallelt med dette har kapasiteten til mottak av flyktningar blitt skalert opp, og kommunen er i god rute med å busette inntil 30 flyktningar som kommunestyret så langt har fastsett.

Hemsedal kommune er risikoeksponert på fleire områder. I forhold til den økonomiske situasjonen så utfordrar eit stigande rentenivå, nødvendige investeringar innanfor oppvekst og helse og omsorg som resultat av befolkningsvekst i tillegg til et vedvarande høgt trykk på dei kommunale tenestene. Det kan også leggjast merke til at det er konkurranse om arbeidstakarar innanfor alle etatar. Enkelte stillingar blir ståande vakante i lengre tid, da det er mangel på kvalifiserte søkjarar. Frå tenestemåla vert det meldt om meirutgifter knytt til bl.a. pandemien og effektar relatert til den, ressurskrevjande brukarar og økt behov for hjelpetiltak knytt til psykisk helse. Regjeringa har i revidert nasjonalbudsjett 2022 varsla at dei vil dekke meirutgiftene som pandemien har påført kommunane, men kor mykje, er ikkje forventa å vera avklart før mot slutten av året.

Samtidig aukar kommunen si avsetning til disposisjonsfond som følgje av auka kraftinntekter. Kommunedirektøren ønskjer at ein i 2022 bruker disposisjonsfond til fordel for låneopptak i forbindelse med nye investeringar. Dette gir nødvendige balanse mellom framtidige eigenkapital til investeringar, uførutsette meirutgifter og lågare finanskostnader.

Dei store investeringsprosjekta som er planlagt ferdigstilt i 2022, sentralskolen og omsorgsbustader for yngre, er meldt å vera i rute i forhold til tid og innanfor budsjetterte rammer. Arbeidet med digitalisering av kommunen sine tenester har hatt fokus i perioden. Kommunane i Hallingdal har i skifta sak/arkivsystem, og innføring med opplæring har teke noko tid. Gevinstane med nytt system ser ein først etter 1-2 år. Kommunen har samtidig starte arbeid med e-Byggesak som er venta å gje gevinstar for både kommunen og tenestemottakar.

## 7. Økonomiske utsikter

Inntekter frå sal av kraft er venta å halde seg på eit høgt nivå ut året. I framlegg til budsjettendring nr. 1 2022 er inntekt frå sal av kraft auka frå 12 mill. i opprinnleg budsjett til 30 mill. Hald verda fram som no kan me sjå inntekter opp mot 40 mill. Samstundes vil løn- og sosial kostnader halde seg høge så lenge kommunen slit med fråvær og vakansar. Det er stor mangel på personell innan helse og omsorg, og det vil drive kostnaden opp i ferietida spesielt. I tillegg vil lønsauka bli høgare enn budsjettert.

Endringar i årets resultat er i sum venta å styrke disposisjonsfondet ytterlegare. Bruk av disposisjonsfondet vil bli lagt fram i eiga sak. Rentenivå stig sakte men sikker oppover, og med høge investeringsambisjonar i år og åra som kjem vil renter og avdrag belaste drifta vesentleg meir enn i tidlegare år. For å sikre økonomisk handlingsrom i åra som kjem vert det naudsynt å auke eigenfinansiering av investeringane.

Det er knyta stor spenning til revidering av inntektssystemet til kommunane denne hausten.

